



MELDING OM VEDTAK

frå
møte i NMU 3.6.2014

Saksnr 2014/328	Løpenr. 4890/2014	Klassering K46	Avd / sakshandsamar LAND/ AOF	Dato 5.6.2014
--------------------	----------------------	-------------------	----------------------------------	------------------

PS 42/14 Søknad - Indre Brandal hjortevald 2014/328

Næring og miljøutvalet si handsaming:

Annika Brandal V, stiller spørsmål om sin gildskap grunna at far hennar er søkjar, og trer frå møtet.

6 voterande

Ho vert samrøystes røysta ugild, jf. Forvaltningslova § 6, b.

Stian R. Brandal AP, stiller spørsmål om sin gildskap grunna at han var med i handsaminga av grunneigarinteresser til Hareid kommune i FSK møte og trer frå.

5 voterande

Han vert samrøystes røysta gild og kjem til i møtet att.

6 voterande

Kristian Fuglseth vert fremja som setteleiar i møtet då nestleiar hadde meldt forfall.

Han vert samrøystes godkjend som setteleiar.

Det vart 5 min pause for å setje seg inn i notat og kart som vart lagt på bordet.

Alv Ottar Folkestad orienterte om saka og svara på spørsmål som vart stilt.

Jenny T.B. Nettet H, fremja fylgjande forslag til vedtak:

«Hareid kommune ved NMU vedtek å ikkje godkjenne søknaden til Indre Brandal Hjortevald v/ Ståle Brandal.

Grunngjevinga for avslaget er at valdet ikkje oppfyller kravet om samanhengande eigedomar jf. § 10 i forskrift om forvaltning av hjort.»



Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen og forslaget til Jenny T.B. Nettet vart røysta opp mot kvarandre.

Forslaget til Jenny T.B. Nettet vedteke med 4 røyste for – 3 røyster mot. Setteleiaren si dobbeltrøyst vart avgjerande for fleirtalet.

Vedtak:

Hareid kommune ved NMU vedtek å ikkje godkjenne søknaden til Indre Brandal Hjortevald v/ Ståle Brandal.

Grunngjevinga for avslaget er at valdet ikkje oppfyller kravet om samanhengande eigedomar jf. § 10 i forskrift om forvaltning av hjort.

Hareid, 5.6.2014

Rett utskrift:

Anne-Karete Mork
Utvalsekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering